



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 16.02.2021

Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 25.01.2021

Møtetid: kl. 19:00

Møtestad: Alværa Misjonscenter

Tilstades:

Katrin Borlaug, Tonje Førde Systad, Toril Lange, Rolf Aamot, Geir Sørebo, Wenche Liljedal, Terje Båtnes

Meldt forfall:

Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås.

Prest Geir Sørebo innleia møtet med ord for dagen.

Kopi av møteboka går til:

Monica Sunde Tjønnås, Torunn Styve, Annbjørg N. Kristensen, Maria Z. Espeseth, Hilde Iren Sørebo Bosdal, Olav Hellebo, Bjarne Hellebo, Audun Engedal, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkuhus, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå siste møte. Innkalling og sakliste for dagens møte blei godkjent. **Møtereferatet frå førre møte blei godkjent, med følgjande merknadar:**

- Vedrørande dei nye mikrofonane; det er viktig at kyrkjevertane kan med det trådlause mikrofonsystemet. Soknerådet har kjøpt 2 nye songmikrofonar.
- Båre- og senketau er teke i bruk. I samtale mellom prest og pårørande er det i hovudsak senketau det er ynskje om .
- Prestesituasjon: etter førre sokneråd blei det informert at Karl Hjelmeland går inn 1-års vikariat som prest i Lavik frå 1 august 2021. Sokneråda skal etter kyrkjelova har uttalerett når det kjem til lenger tilsettingar.

Meldingssaker:

01/21: Sidan sist

- Fellesrådmøte 3. desember 2020: Rask gjennomgang av referat, med hovudfokus på Høyanger Bedehus og godtgjersle for friviljug arbeid til Lavik Sokn.
- Evaluering av arrangement:
 - Julegudsteneste: Gikk bra og vel gjennomført. Brukte kvar 3. benk til å sitte på. Kan no bruke annankvar benk.
 - Digital gudsteneste: Det var litt stressande i forbindelse med opptaket. Kunne vore meir koordinert, men godt resultat til slutt.
- Mikrofonar til kyrkja: Har fått ny «miksbord». Elles som nemnt i referatkommentar ovanfor.
- Utelys på parkeringsplassen ved Kyrkja: Er meldt inn og blir jobba med.

- Varmeomnane under benkane i Kyrkja: Avvik om brannskade på barn julaftan. Avvik meldt til kyrkjevevje og det vert arbeida med å få på plass gitter over omnane. Det er bedt om at dette avviket vert teke med som sak i Høyanger Kyrkjelege fellesråd, førstkommande torsdag 28. januar.2021.
- Oppdaterte smittevernsrutinar: Blei ikkje gjennomgått i møtet.

Vedtaksaker:

01/21: Ny gudstenesteforordning

I skriv frå prosten datert 6. januar, har soknerådet fått i oppdrag å ta stilling til kor mange gudstenester det skal vere i Lavik sokn årleg. Årsmeldingane frå dei siste åra, syner at det i snitt har vore om lag 20 gudstenester årleg. I brevet frå prosten er det føreslege 14. Det ligg også ved oversikt (årshjul) over faste gudstenester i Lavik dei siste åra.

Stillingsprosenten til presten vert rekna ut frå antal gudstenester per år. Det kan ikkje settast opp fleire gudstenester enn ein har prestar til. Gjennomgang av årshjul for faste gudstenester – høgtider og/eller spesielt inviterte - viser eit gjennomsnitt på ca 12 til 14 gudstenester. Tidleg på året ser ein at det er litt lite gudstenester, men det er ynskjeleg med fleire.

Soknerådet vil at ein ligg på det nivået som det har lagt på gjennomsnittleg dei førre åra. Soknerådet oppmodar også om å ha gudstenester som ikkje er knytt til det faste årshjulet, som til dels friluftsgudsteneste, gudsteneste ifb med stemner på Alværa, dåpsgudstenester m.m. Lavik har eit godt oppmøte i kyrkja, sjølv i pandemien vi no er i.

Framlegg til vedtak: Lavik Sokneråd framset forslag om 20 gudstenester pr år til den nye gudstenesteforordninga. **Vedtatt.**

02/21: Årsmelding 2020

Gjennomgang av førebels årsmelding som skal gjennomgåast i forbindelse med årsmøte/medarbeidarfest. Det har tidlegare ikkje for kutyne for referatskriving i årsmøte. Med bakgrunn i dette har ein ikkje oversikt over om det har vore teke opp saker på årsmøtet knytt til årsmelding og årsrekneskap. Årsmøtet er å rekne som eit soknemøte og av di bør det framgå eit referat.

Framlegg til vedtak: Lavik Sokneråd vil frå 2021 skrive protokoll i form av årsmøtereferat. **Vedtatt.**

03/21: Arrangement vinter/vår 2021

- a) Mat og prat har grunna Covid-19 vore utsett to gongar.

Framlegg til vedtak: Grunna usikkerheit rundt pandemien, vert Mat og prat utsett på ubestemt tid. **Vedtatt.**

- b) Årsfest 3. mars kl 17.00 på Alværa Misjonscenter. Det er usikkert om dette lar seg gjennomføre. Soknerådet vil sjå på alternative løysingar. Årsmøtet må avviklast innan utgangen av mai.

Framlegg til vedtak: Soknerådet vil ta ny vurdering seinare, om årsmøtet må utsetjast til det kan gjennomførast på ein trygg måte jf.smittevernsreglar. **Vedtatt.**

04/21: Gudstenestene vidare

Grunna Covid-19 er det begrensa antal personar som får opphalde seg i kyrkja på same tid (med unnatak gravferd – inntil 50 personar). Med bakgrunn i dette er ynskjer soknerådet å vere meir kreative. Ein kan samlast fleire personar ute. Det skal vere gudsteneste søndag 31 januar. Denne vil bli planlagt ute på Lavikdalen, samla rundt fleire bålpanner med høve til spidding av pølser og aking/tur i lysløypa etter preika.

Framlegg til vedtak:** Medlemer av soknerådet jobbar vidare med å finne eigna plass for utegudsteneste, samt at det vert informert ut til soknet. **Vedtatt.

05/21: Ymse

- Bruk av Alværa Misjonscenter til soknerådsmøte. Inntil vidare vil Alværa bli brukt i forbindelse med møteverksemd, då det er god plass her til dette jf. Smittevernsregler og krav om 1 meters avstand.
- Fasteaksjonen 2021: saken blir teke med til neste møte.
- 1. vara vert kalla fast inn. Ved forfall eit fast medlem, er det ikkje nødvendig å kalle inn vara, då ein er vedtaksdyktige med 1. vara tilstades.

Neste møte vert 1. mars 2021 på Alværa Misjonscenter kl 19.00.

Møte slutt.

Referent

Tonje Førde Systad